



Uskedelingen Elin Legland held fram som leiar i Senterpartiet. (Foto: Torfinn Myklebust)

**Elin Legland frå Uskedalen held fram som leiar i Senterpartiet i Kvinnherad.  
Ho var ikkje på val under årsmøtet i rådhuset tysdag.  
Dermed tek ho fatt på sitt fjerde leiarår.**



[Kristian Olav Bringedal er Venstreleiar](#) (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sidan i mars har ho også vore leiar av komiteen for helse, omsorg og miljø.  
Legland er i tillegg framleis medlem av styret i Hordaland Senterparti som studieleiar.



Gunn Mari Moberg er Høgreleiar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I og med at ho held fram er det i Uskedalen framleis busett 3 leiarar av politiske parti i Kvinnherad. Dei andre er Gunn Mari Moberg i Høgre og Kristian Olav Bringedal i Venstre. Også Framstegspartiet har hatt Uskedalen-leiar i den seinare tid – Tove Lill Lakselv – men ho trakk seg frå attval..

Av Ola Matti Mathisen